

SAK 41/12 HALLINGDAL 2020, REGIONAL POSISJONERING, HOVUDPROSJEKT

Saksopplysningar

I sak 34/12 gjorde Regionrådet for Hallingdal slikt vedtak:

1. *Regionrådet for Hallingdal er samd i dei strategiske vegval som forprosjekt; Hallingdal 2020, regional posisjonering, legg opp til.*
2. *Regionrådet vil takke arbeidsgruppa for vel utført arbeid.*
3. *Regionrådet ber om at det til neste møte blir utarbeida forslag til organisering av hovudprosjekt med finansiering og framdriftsplan.*

Prosjektet har fått kr. 450.000 frå det statlege statlege «Bolystprogrammet». Til gjennomføring av hovudprosjektet.


Vurdering

I mange samanhengar og i mange fora blir det drøfta og etterlyst felles strategiar og felles handlingar, for at Hallingdal skal møte framtida på best mogeleg måte. Dette er og tema som er sentrale i Strategisk plan for Hallingdal, og som Regionrådet for Hallingdal har høgt på dagsorden direkte og indirekte. Eit viktig tema har vore avklaringar og ynskje om ei sterkare og tydelegare profilering av Hallingdal som region. Dette blir sett på som grunnleggjande for det arbeidet Hallingdal sjølv må gjera, for utvikling av eigen region, ikkje minst med tanke på rekruttering av framtidig arbeidskraft og skapa nye arbeidsplassar.

Gjeldande Strategisk plan for Hallingdal har m.a. som mål at kommunane i Hallingdal skal gjera kvarandre gode, med tiltak som m.a. går på vidareutvikle profilering/identitetsbygging. Bakgrunnen for dette er m.a.:

- Felles bu- og arbeidsmarknadsregion
- Felles kultur/identitet
- Felles utfordringar, m.a. arbeidskraft, arbeidsplassar
- Felles bodskap
- Kan tilby større variasjon, breidde
- Meir slagkraftig
- Ei stadig sterkare konkurranse på alle frontar
 - o Kamp om arbeidskrafta
 - o Kamp om arbeidsplassar
 - o Kamp om innbyggjarane
- Ynskje om å vera tydelegare
- Ynskje om å bygge eit godt omdøme

I arbeidet med revidering av strategisk plan blir det arbeidd ut frå eit utgangspunkt der hovudutfordringane er framtidig arbeidskraft og nye arbeidsplassar, med ei spissing i forhold til bulyst/blilyst.



Prosjektet Hallingdal 2020, regional posisjonering vil i denne samanheng vera eit svært viktig og overbyggande tiltak.

I samband med forprosjektet for Hallingdal 2020 har det vore kontakt med regionar både i Norge og andre land, for å finne fram til gode døme, ikkje minst for å finne ut kva som fungera og kva som kan vera fallgruver. Eit eintydig signal og råd er at dette er arbeid som tek tid, der kommunikasjon og involvering er heilt avgjerande. Største potensialet kan me oppnå nå styresmakter, bedrifter og samfunnet sameinar krefter og skapar synergiar. Og på mange måtar vil det vera ein evigvarande prosess.

Av suksessfaktorar som blir trekt fram er:

- Mot til å fokusere, ikkje satse på den minste fellesnemnaren
- Einheitleg i eit mangfold
Enkelte kan vera bekymra for at dei vil miste sin eigen identitet.
Men det er ikkje målet: Alle kan og bør framleis fortelja si eigen historie i samanheng med den «store historia». Heilskapen er meir enn summen av delane.
- Ikkje dytt – trekk
Denne type arbeid er avhengig av at «alle» er med, noko som kan vera ei utfordring i eit frivillig samarbeid. Det er derfor viktig å inspirere og involvere for felles idé.
- Ikkje undervurder krafta av visuell kommunikasjon

I forprosjektet er det peikt ut nokre retningar som vil vera retningsgjevande for det vidare arbeidet:

- Hallingdal tek ein posisjon – møteplassen mellom aust og vest
- Målgrupper i forhold til rekruttering;
 - Ung Halling 15-25 år
 - Hyttefolk
 - Kvinne 28 år
- Verdiar – fri og frisk

Vedlagt utkast til prosjektplan beskriv nærmare korleis prosjektet er tenkt gjennomført.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal vedtek å setja i gang eit 3-årig prosjekt; Hallingdal 2020, regional posisjonering.
2. Hallingdal 2020 er eit regionalt utviklingsprosjekt som skal vera med å vidareutvikle Hallingdal som ein bærekraftig bu- og arbeidsmarknadsregion.
3. Regionrådet skal i møte 23.11.2012 ha endeleg prosjektplan til handsaming.
4. Regionrådet for Hallingdal løyver over ein treårsperiode inntil kr. 1.800.000 til prosjektet. Midlane blir teke frå regionalt næringsfond med kr. 1.300.000 og kr. 500.000 frå potten gjennomføring strategisk plan.
5. Dagleg leiar i Regionrådet får fullmakt til å arbeide vidare med prosjektet for å:
 - klargjera endeleg prosjektplan
 - avklare vidare engasjement av prosjektleiar

År 15.12.2012
Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg: Utkast prosjektplan hovudprosjekt, Hallingdal 2020, regional posisjonering.



HALLINGDAL 2020



HALLINGDAL 2020, REGIONAL POSISJONERING

UTKAST PROSJEKTPLAN HOVUDPROSJEKT

Sept. 2012

Innhald

1.	MÅL OG RAMMER.....	3
1.1	Bakgrunn	3
1.2	Forprosjekt	4
1.3	Hovudprosjektet	4
1.4	Mål	4
2.	OMFANG.....	5
2.1	Oppgåveskildring og -avgrensing.....	5
3.	ORGANISERING	5
3.1	Ansvarsforhold	5
3.2	Øvrige rollar og bemanning	5
4.	VEDTAKSPUNKT OG OPPFØLGING	5
4.1	Krav til vedtakspunkt (VP).....	5
4.2	Oppfølging	6
5.	RISIKOANALYSE	6
5.1	Kritiske suksessfaktorar	6
5.2	Kvalitetssikring av kritiske suksessfaktorar	6
6	GJENNOMFØRING	6
6.1	Hovudaktivitetar (døme)	6
6.2	Milepælar	7
7.	KOSTNADAR OG FINANSIERING.....	7

1. MÅL OG RAMMER

1.1 Bakgrunn


I mange samanhengar og i mange fora blir det drøfta og etterlyst felles strategiar og felles handlingar, for at Hallingdal skal møte framtida på best mogeleg måte. Dette er og tema som er sentrale i Strategisk plan for Hallingdal, og som Regionrådet for Hallingdal har høgt på dagsordenen direkte og indirekte. Eit viktig tema har vore avklaringar og ynskje om ei sterkare og tydelegare profilering av Hallingdal som region. Dette blir sett på som grunnleggjande for det arbeidet Hallingdal sjølv må gjera, for utvikling av eigen region, ikkje minst med tanke på rekruttering av framtidig arbeidskraft og skapa nye arbeidsplassar.

Gjeldande Strategisk plan for Hallingdal har m.a. som mål at kommunane i Hallingdal skal gjera kvarandre gode, med tiltak som m.a. går på vidareutvikle profilering/identitetsbygging. Bakgrunnen for dette er m.a.:

- Felles bu- og arbeidsmarknadsregion
- Felles kultur/identitet
- Felles utfordringar, m.a. arbeidskraft, arbeidsplassar
- Felles bodskap
- Kan tilby større variasjon, breidde
- Meir slagkraftig
- Ei stadig sterkare konkurranse på alle frontar
 - o Kamp om arbeidskrafa
 - o Kamp om arbeidsplassar
 - o Kamp om innbyggjarane
- Ynskje om å vera tydelegare
- Ynskje om å bygge eit godt omdøme

I arbeidet med revidering av strategisk plan blir det arbeidd ut frå eit utgangspunkt der hovudutfordringane er framtidig arbeidskraft og nye arbeidsplassar, med ei spissing i forhold til bulyst/blilyst.

Prosjektet Hallingdal 2020, regional posisjonering vil i denne samanheng vera eit svært viktig og overbyggande tiltak.



1.2 Forprosjekt

I forprosjektet (vedlegg 1) er det peikt ut nokre retningar som vil vera retningsgjevande for det vidare arbeidet:

- Hallingdal tek ein posisjon – møteplassen mellom aust og vest
- Målgrupper i forhold til rekruttering;
 - Ung Halling 15-25 år
 - Hyttefolk
 - Kvinne 28 år
- Verdiar – fri og frisk

1.3 Hovudprosjektet

Føremålet med prosjektplanen er å føre vidare innhald og vedtak frå forprosjektet og beskrive korleis hovudprosjektet skal gjennomførast for å nå målsettingane i prosjektet.

Prosjektperioden er satt til 3 år, men samstundes er det viktig å understreka at arbeidet må halde fram etter at prosjektperioden er avslutta. Prosjektet har som mål at det skal leggast eit godt grunnlag for vidare satsing, i ei meir permanent drift.

Gjennomføringa vil og krevja ressursar i form av eigeninnsats frå kommunar, næringsliv og organisasjonar. I tillegg vil det gjennom hovudprosjektet koma opp konkrete tiltak som vil krevja eigen finansiering.

1.4 Mål

Mål for prosjektet Hallingdal 2020 er:

Overordna mål:

Styrke Hallingdal som ein attraktiv og bærekraftig bu- og arbeidsmarknadsregion

Effektmål (døme):

- Trekkje arbeidssökjarar til Hallingdal
- Auke talet på bedrifter relatert til «nye næringar» til Hallingdal
- Auke kjennskap til eigen arbeidsmarknad for unge Hallingar
- Kontinuerleg dialog med dei 3 målgruppene for å kjenne deira behov og potensiale.
- Jobbe aktivt for å auke kommunane og alle andre bedrifter i Hallingdal som attraktive arbeidsplassar
- Jobbe aktivt for å legge til rette for framtidsretta bustadpolitikk i Hallingdal.
- Framheve vertskapsrollen og kor viktig det er å vera raus og smidig ovanfor nye og potensielle innbyggjarar og arbeidstakrarar.

Resultatmål (døme):

- Minimum
- Auke med minimum
- Auke XX % av ungdom som veks opp i Hallingdal skal bli buande eller flytte tilbake.
- Ha lokalitetar og nettverk for å trekkja ulik kompetanse til Hallingdal
- Ha lokalitetar tilgjengeleg for alle bedrifter, organisasjonar, enkeltpersonar som.....

2. OMFANG

2.1 Oppgåveskildring og -avgrensing

Hovudprosjektet skal i løpet av dei 3 åra(døme):

- Ha etablert Hallingdal sin posisjon internt i regionen
- Ha etablert eit solid grunnlag for Hallingdal sin posisjon på austlandet og vestlandet.
- Gjennomført konkrete tiltak som fører til engasjement, forankring og lokal utvikling
- Gjort konkrete avtalar/intensjonsavtalar med ulike parter i aust og vest.
- Etablert gode arenaar for tett dialog med dei 3 målgruppene (Ung Halling, Kvinne 28 og Hyttefolk)
- Utvikle ein merkevareprofil og retningslinjer for denne.
- Utvikle ein «verktøykasse» for profilering av Hallingdal

Avgrensing:

- Prosjektet har allereie valt ein posisjon, valt ut 3 målgrupper og utforma eit sett verdiar. Det er heilt avgjerande for hovudprosjektet si framdrift at prosjektet er lojal mot desse vala og ikkje tenker at ein skal famne «alle» eller «heile vera» i fyrste runde.

3. ORGANISERING

3.1 Ansvarsforhold

Styringsgruppe: Regionrådet for Hallingdal

Prosjektansvarleg: Knut Arne Gurigard, dagleg leiar Regionrådet for Hallingdal

Prosjektleiar: Ulrikke Ytteborg

3.2 Øvrige rollar og bemanning

Prosjektgruppe(r): Prosjektleiar opprettar eigne prosjektgrupper.

Referansegruppe: Prosjektleiar opprettar eigne prosjektgrupper.

4. VEDTAKSPUNKT OG OPPFØLGING

4.1 Krav til vedtakspunkt (VP)

Det blir gjennomført 3 obligatoriske vedtakspunkt:

VP-01 21.9.2012 Vedta prosjektstart med dei målsettingar som er stipulert
Grunnlagsdokumentasjon: Forprosjekt, utkast prosjektplan.

VP-02 23.11.2012 Vedtak endeleg prosjektplan.

VP-03 haust 2013: Statusrapport fyrste prosjektår.

VP-04 haust 2014: Statusrapport andre prosjektår

VP-05 haust 2015: Sluttrapport og plan for vidareføring

4.2 Oppfølging

- Oppstartsmøte
- Vedtakspunktmøte
- Kontakt mellom prosjektansvarleg og prosjektleiar med jamne mellomrom.
- Prosjektgruppemøter med jamne mellomrom.
- Styringsgruppemøte 1 x kvartalet i prosjektperioden.

5. RISIKOANALYSE

5.1 Kritiske suksessfaktorar

- Tilstrekkeleg vilje til involvering i heile Hallingdal
- Kontinuerlig dialog mellom prosjektleiing, prosjekteigar, prosjektgruppe og styringsgruppe.
- Tilstrekkeleg finansiering av konkrete tiltak i hovudprosjektet.
- At Hallingdal ikkje klarar å gå frå prosjekt til drift.
- Få til regional og nasjonal marknadsføring av overordna mål.
- Få sentrale instansar til å tru på dei overordna mål.
- Engasjement og offensiv holdning frå prosjektet.
Tett dialog og tydelig kommunikasjon med målgrupper og andre aktørar i regionen.

5.2 Kvalitetssikring av kritiske suksessfaktorar

- Tidleg involvering frå relevante målgrupper.
- Sikre tilstrekkeleg informasjon til prosjekteigar.
- Prosjektet blir gjennomført etter prinsippa i Prosjektleiarprosessen (PLP). Styringsgruppa handsamar avvik i kvart styringsgruppemøte.

6 GJENNOMFØRING

6.1 Hovudaktivitetar (døme)

- | | |
|-------|---|
| HA 01 | Følgje opp prosjektplan – justere – rapportere. |
| HA 02 | Prosjektadministrasjon |
| HA 03 | Informasjon og marknadsføring |

HA 04	Involvering
HA 05	Nettverksbygging, skapa møteplassar
HA 06	

6.2 Milepælar

7. KOSTNADAR OG FINANSIERING

Kostnadars		Finansiering	
Kostnadsart	Beløp	Finansieringstype og kjelde	Beløp
Prosjektleiing	1 800 000	Regionrådet for Hallingdal, strategisk plan	1 300 000
Administrasjon	100 000	Regionrådet for Hallingdal, regionalt næringsfond	500 000
Reise/Møter/kost/refusjonar	150 000	Bulyst-midlar, KRD	450 000
Kjøp av tenester	100 000		
Honorar prosjektgrupper	100 000		
Eigeninnsats, kommunar, næringsliv, lag organisasjonar			
Sum	2 250 000		Sum 2 250 000

15.9.2012

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar Regionrådet for Hallingdal

Ulrikke Ytteborg
Prosjektleiar Hallingdal 2020